



Kvinnherad Bygg AS
Seimsvegen 140

5472 SEIMSF OSS

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Stine Olderkjær Lillebø	477 96 410	2026/3053		22.05.2026

Mangelbrev - Eitt-trinns søknad - 91/137

Viser til søknad, journalført 31.03.2026.

Beklagar sein tilbakemelding på søknaden grunna sjukdom.

Dokumentasjon som manglar

1. Bad: Naustet er teikna med bad, dette må endrast til toalettrom. Jf. KPA § 3.9.6. kan naust ha eit toalettrom 2x2m², ikkje bad.
2. Vatn og avløp: Då naustet er teikna med bad (føresetning at dette vert endra til toalettrom), må naustet ha tilknytingsløyve for vatn og avlaup:
<https://www.kvinnherad.kommune.no/tenester/vatn-og-avlop/tilknytning>
3. Kai: Søknaden skisserer ei kai. Er dette ein del av søknaden? I så fall treng kaia også dispensasjon frå PBL § 1-8 og arealføremålet *bruk og vern av sjø og vassdrag*. Det er ikkje sendt inn teikningar for kaia.
4. Høgde på naust: Sjå KPA § 3.9.3: *Naust innan eksisterande naustmiljø skal kunne tilpassast dette når det er naudsynt av estetiske grunnar. I naustmiljø med mindre naust, må nausta tilpassast til dei næraste nausta. Der dei næraste nausta er større, kan det opnast for eit avvik i storleik og høgde inntil 20 % (av 40 m² BRA og 5 m høgde) (jf. pbl. § 11-9 nr. 5 og 6).*
 - Søknaden manglar vurdering om det er naudsynt med naust over 5m.
5. Avstand til eigedomsgrense: Dersom naustet plasserast nærare nabogrense enn 1m, krev tiltaket samtykkeerklæring frå naboeigedom(ar).

6. Teikningane inneheld ikkje terrengprofil og kotehøgde, eksisterande og nytt terreng må kome fram av søknaden.
7. Det er ikkje sendt inn bygningsinformasjon til matrikkelen: BYA, BTA og BRA.
8. Parkering: Tinglyst parkering på eigedom 91/165 vil vere ca. 300m i luftlinje, 500m i gangavstand frå naustet. Kommunen kan vanskeleg legge til grunn at denne parkeringa er eigna for naustet, då det ikkje er innan rimeleg gangavstand. Ein gangavstand innan 100-200m er innanfor det kommunen vanlegvis vil finne akseptabelt. Vi oppmodar om at anna parkering i nærleiken av naustet blir supplert søknaden.

Når søknaden vert supplert, skal den sendast på høyring til overordna mynder.

Kva må du gjera?

De kan senda dokumentasjon som manglar til kommunen i posten eller elektronisk til post@kvinnherad.kommune.no. Merk saken med saksnummer 2026/3053. Når vi har motteke dokumentasjonen er søknaden fullstendig og kan handsamast.

Dersom vi ikkje har motteke dokumentasjon som manglar innan 1 måned vert saka arkivert.

Byggearbeid kan ikkje settast i gang før søknaden er handsama.

Har de spørsmål?

De finn meir informasjon på heimesida vår <https://www.kvinnherad.kommune.no/>

De kan også ta kontakt med oss på e-post post@kvinnherad.kommune.no. Husk å merka e-posten med saksnummer 2026/3053. Vi har telefonvakt tysdag – torsdag frå 09:00 – 15:00.

Med helsing

Byggesaksavdelinga

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.